


SERVICEERKLÆRINGAR



Serviceerklæringar

- ✓ Informasjon om tilbodet
- ✓ Avklara forventningar
- ✓ Rettar og plikter
- ✓ Skapa og utvikla tillit
- ✓ Lekk i systematisk kvalitetsarbeid/kombinert med brukarundersøkingar

Barnehagane i Kvinnherad følgjer Lov om barnehagar.

Andre styringsdokument er Rammeplan for barnehagen, kvar barnehage sine vedtekter og årsplan.

Barnehagen kan gje utfyllande informasjon.





Serviceerklæring til barn som går i barnehagen

I barnehagen skal du få

- treffa vaksne som bryr seg om deg, hjelper deg og passar på deg
- hjelp til å kjenna deg trygg
- hjelp til å finna venner, og til å vera ein god venn sjølv
- trivast og vera glad
- god tid og plass til å leika
- syngja, bli lest for, fortelja, måla, teikna, byggja, klatra eller andre ting du likar å gjera
- vera ute og gå på tur
- spørja og finna ut av ting
- læra å klara sjølv
- vera med å bestemma





Serviceerklæring til foreldre som brukarar av barnehagen

Barnehagane i Kvinnherad gjev eit pedagogisk tilbod

- der barnet ditt blir sett og høyrte
- der leik og læring går hand i hand

Foreldre kan forventa at

- barnet vert teke imot av ein vaksen når det kjem til barnehagen
- barnet er i eit miljø som er prega av omsorg, leik og læring
- barnet leikar i trygge omgjevnader i små og store grupper
- barnehagen hjelper barnet til å utvikla empati og evne til å vera ein god ven
- barnehagen har årsplan som fortel om satsingsområde, mål og metodar som er tilpassa barnas alder og føresetnader
- det vert lagt vekt på god kommunikasjon mellom heim og barnehage
- det er tilbod om to foreldresamtalar årleg
- barnehagen har foreldremøte, foreldreråd og samarbeidsutval der det er høve til å medverka

Barnehagen forventar at foreldre

- gjev viktig informasjon om barnet til barnehagen
- les informasjon frå barnehagen
- melder frå dersom barnet ikkje kjem i barnehagen
- seier frå til ein tilsett når barnet vert henta
- gjev beskjed dersom andre enn foreldra skal henta barnet
- har med mat og kle/utstyr som barnet treng
- held barnet heime når det er sjuke
- overheld avtala opningstid
- betalar for barnehagetilbodet innan fastsett tid

Barnehagen ynskjer at foreldre

- merkjer kle dersom ein er redd for at noko skal bli borte
- deltek på sosiale samkome og dugnader i barnehagen
- svarar på brukarundersøkingar

Annan informasjon:

- Tilsette i barnehagen har teieplikt etter forvaltningslova §13
- Frå 1995 leverer alle nyttilsette i barnehagen politiattest
- Forsikring: barnet er ulykkesforsikra den tida det er i barnehagen
- Barnehagetilbodet omfattar ikkje aktivitetar som er på dagar barnet ikkje har plass

Ta kontakt med barnehagen dersom du ynskjer meir informasjon.

